



## NATURVERNFORBUNDET I TELEMAR

Vetle Mules vei 16, 3944 PORSGRUNN

e-post: telemark@naturvern.no

### Tverråa- verna vassdrag, tilleggsuttale.

Naturvernforbundet i Telemark (NVT) viser til synfaring, og har desse tilleggscommentarane til konsesjonssøknaden.

Synfaringa viste tydeleg – forsterka fleire argument for at NVE ikkje bør gje konsesjon til utbyggjing.

I samband med matpause ved inntaksdam, fekk vi sjå kor stor oppdemninga ville bli, og vi fekk sjå fossekallen i full aktivitet. Det er dokumentera at vasskraft utbyggjing har negativ påverknad av fossekallens leveområde, det vart tydeleggjort her på ein forbilledleg måte.

Vi fekk også sjå kor diverse rørgater var tenkt passera, og korleis terrenget var der desse skulle gå. Konsekvensane av dei inngrepa dette vil medføre, vart visualisera på ein «god», eller tragisk måte, ved å sjå kva moderne skogbruk medfører av naturinngrep, i samband med byggjing av vegar/nå rørgater i dette terrenget. Nye inngrep både på tvers av lia – hovedrørgata, og ved sidan av Stavskards bekken – i den grad det blir noko igjen av denne bekken, vil medføre stor skade av verneverdiane i vassdraget.

NVT vil også peike på verknadane denne utbyggjinga vil få for landskapsbildet/-romet.

Vassdraget- med inngrepa som er skissera, er synlege i eit stort landskapsrom.

#### **Konklusjon:**

**NVT viser til Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag- nasjonale mål, som bla. seier:**

- **«.....at ein skal unngå inngrep som reduserar verdien for landskapsbildet, naturvern, friluftsliv,vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø....»,**
- **«... sikre verdien knytta til forekomster/områder i dei verna vassdragas nedbørfelt som det er fagleg dokumentera at har betydning for vassdragets verneverdi...»**
- **Det står også spesifikt nevnt at inngrep som kan skade verneverdiane er bl.a. vassuttak og skogbruk.**

Planlagte tiltak her vil redusere verneverdiane ytterlegare, i betydeleg grad. Dessverre har allereie utførte tiltak ved praktiserande moderne skogbruk redusera verneverdiane, utført av miljøsertifisera foretak. Dette gjer det endå meir nødvendig at NVE nå ikkje gje konsesjon til tiltak som ytterlegare reduserar verneverdiane.

Helsing

Torfinn Sanden, Naturvernforbundet i Telemark

Nissedal, 24.06.16